

**Notat**Dato: 07.05.2014  
Arkivsak: 2014/16022-1  
Saksbehandlar: helmoe\_

---

**Til:** Kultur- og ressursutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Prosjekt Bryggen - Fordeling av tilskot 2014**

Prosjekt Bryggen er eit langsiktig istandsettingsprogram som skal bidra til sikring og istandsetting av verdsarvstaden Bryggen. Frå 2010 har Hordaland fylkeskommune hatt ansvar for å fordele delar av midlane til istandsetting, sikring og nokre fellesoppgåver. I sak 56/13 vedtok Fylkesutvalet retningslinjer for tilskot, og ga fylkesrådmannen mynde til å fordele tilskot til tiltak i ordninga.

**Dei pågåande istandsettingstiltaka**

Sommaren 2014 vil den pågåande istandsettinga av bygning 7d i Bellgården bli ferdigstilt i Prosjekt Bryggen. Dette istandsettingstiltaket blei starta våren 2011, med Bellgården AS som tiltakshavar og Gamle3Hus As som prosjekterande part.

Istandsettinga av bygningane Ba og Bb i Bugården blei starta i 2013, og er forventa ferdigstilt innan utgangen av 2015. Her er Stiftelsen Bryggen tiltakshavar og prosjekterande part.

I Svensgården har sju bygningar vore under istandsetting sidan 2007, desse bygningane er eigd av Olav Thon Gruppen og er forvalta av Vats AS, som er tiltakshavar for istandsettingstiltaket. Ein bygning blei ferdigstilt i «fase 2, istandsetting uansett bruk» i 2012, og to bygningar blei tilsvarande ferdigstilt i «fase 2» i 2013. Ein fjerde bygning er forventa ferdigstilt i «fase 2» i løpet av 2014. Det vil dermed stå att tre bygningar i dette delprosjektet, to av desse er frontbygningar. I 2013 kom det på plass ny ansvarleg søker og ansvarleg prosjekterande part for istandsettingstiltaket; Gamle3Hus AS.

**Fordeling av tilskot i 2014**

Dei årlege statlege løyvingane har variert noko. Den disponible ramma til fordeling i 2014 var klarlagt i byrjinga av mars. Total ramme til fordeling til tiltak som gjeld istandsetting, sikring og fellesoppgåver i 2014 er ca. 22,5 millionar kroner, inklusive førehandstilsegn for 2014 og overførte midlar frå 2013.

For 2014 var det totalt søkt om ca. 23,6 millionar kroner i tilskot. Vedlagt er tabellar som viser tilskot og utbetalingar i 2013, og søknadsbeløp og fordeling av tilskot i 2014.

Hovuddelen av tilskotsmidlane i 2014 er fordelt til istandsettingstiltak. Som tidlegare år er det i tillegg gitt tilskot til Materialbanken, til felles brannsikringstiltak og til felles driftsoppgåver.

Vidare er det gitt tilskot til eit mindre tiltak som gjeld utskifting av råteskadde bygningsdelar på ein bygning, og til å reparere murverk og puss på ein av steinkjellarane. Det er òg sett av midlar til å få utarbeidd ein brannteknisk risikoanalyse.

Det er førebels ca. 2,1 millionar kroner i udisponerte midlar. Desse midlane vil bli disponerte i løpet av sommaren 2014/ haust 2014. Ein del av midlane kan då bli sett av til gjennomføring av forprosjekt for nye istandsettingstiltak.

Vedlegg:

- Kart over tilstandsgrad og istandsatte bygningar på Bryggen
- Fordeling av tilskot 2014
- Tilskot, utbetalingar og overførte midlar i 2013